



Prop. 150 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i forseinkingsrentelova mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 28. september 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet føreslår i proposisjonen her visse lovendringar til gjennomføring av direktiv 2011/7/EU om kamp mot forseinka betaling i handelshøve, som har blitt innlemma i EØS-avtalen. Det blir gjort framlegg om enkelte endringar i forseinkingsrentelova og kjøpslova, slik at norsk rett kjem i samsvar med direktivet. Direktivet gjeld i avtalar om kjøp av varer og tenester mellom føretak og mellom føretak og offentlege myndigheiter. Forbrukarar er ikkje omfatta av direktivet, og får ikkje endra rettsstillinga si som følge av endringsforslaga, med unnatak av ei generell auke i forseinkingsrentesatsen.

Departementet føreslår ei auke i forseinkingsrentesatsen med eit prosentpoeng. For forbrukarar kan ein framleis fastsette i forskrift ein lågare sats enn den som følger av lova, om det er ynskjeleg. Vidare blir det foreslått føresegnar som har til føremål å korte ned kredittida i avtalar mellom føretak og i avtalar mellom føretak og det offentlege. Føresegne rør ikkje ved høvet til å avtale betalingsplanar (avdrag). Det blir også gjort framlegg om ein kompensasjon til fordringshavaren til

dekning av inndrivingskostnader når det skal betalast forseinkingsrente etter lova. Det blir også gjort klårt at visse avtalevilkår som rør ved retten til forseinkingsrenter og erstatning for inndrivingskostnader anten skal sjåast som urimelege eller presumerast å vere urimelege. Departementet gjer framlegg om at enkelte vilkår ikkje kan nyttast når ei offentleg myndigheit er skuldnar. Somme av føresegnene i lovforslaget er gjort ufråvikelege, slik at ein ikkje ved avtale kan fråvike dei til ulempe for fordringshavaren.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Direktivet om forseinka betaling

Det gjeldande europaparlaments- og rådsdirektivet 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve, nedanfor også omtalt som 2000-direktivet, vart gjennomført i norsk rett ved lov 12. desember 2003 om endringar i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. Sjå Ot.prp. nr. 3 (2003–2004) om den nærare grunngevinga for endringslova.

Europakommisjonen meiner at forseinka betaling framleis er eit problem for små- og mellomstore verksemdar og den indre marknaden. Sjølv om varene er leverte eller tenestene utførte får fordringshavaren betalinga seinare enn han har krav på, noko som verkar negativt på likviditeten, den finansielle situasjonen og konkurranseevna til føretaka. Kommisjonen foreslo i KOM (2009) 126/4 fleire endringar i direktivet om forseinka betaling. Kommisjonen sitt forslag vart sendt på høyring frå Justis- og politidepartementet 24. april 2009. Direktivet som nå ligg føre – europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve – er ein omarbeiding av det gjeldande direktivet. Det gjeldande direktivet vil bli oppheva når gjennomføringsfristen til det nye direktivet frå 2011 går ut 16. mars 2013. Direktivet frå 2011 er nedanfor omtalt som direktivet om forseinka betaling eller berre direktivet.

Direktivet om forseinka betaling inneheld føresegnar som har til føremål å styrkje fordringshavarane si rettsstilling ved forseinka betaling i handelshøve. Direktivet trekk opp ei rettsleg ramme for å hindre forseinka betaling og for å sikre passande kompensasjon der dette likevel skjer. Direktivet inneheld vidare føresegnar som skal sikre at innkrevjing av gjeld vert effektiv og rimeleg. Direktivet er avgrensa til betalingar i handelstransaksjonar – det vil seie levering av varer eller tenester mot vederlag i forretningsmessige transaksjonar mellom føretak eller mellom føretak og det offentlege, jf. artikkel 2 nr. 1. Direktivet gjeld altså ikkje forbrukarforhold.

Direktivet er eit minimumsdirektiv på den måten at medlemsstatane kan halde fram med å ha føresegnar eller fastsetje føresegnar som er gunstigare for fordringshavaren enn det som følgjer av direktivet, jf. artikkel 12 nr. 3.

EFTA-landa si vurdering av 2000-direktivet var at det fall utanfor EØS-avtala sitt verkeområde slik avtala var då. Direktivet vart tatt inn i EØS-avtala på frivillig grunnlag frå EFTA-statane si side. Departementet har vurdert det slik at direktiv 2011/7/EU er EØS-relevant og akseptabelt. Direktivet vart, med atterhald om Stortinget sitt samtykkje, innlemma i EØS-avtalen ved EØS-komiteen sitt vedtak 55/2012 30. mars 2012.

I proposisjonen foreslår departementet føresegnar til norsk gjennomføring av direktivet. Der direktivet i sitt innhald er vesentleg likt gjeldande direktiv og difor ikkje krev endringar av norsk rett, har departementet i stor grad nøgd seg med å vise til Ot.prp. nr. 3 (2003-2004).

2.2 Hovudpunkta i høyringsnotatet

Departementet la i høyringsnotatet til grunn at gjeldande rett i hovudsak er i samsvar med direktivet, men at direktivet likevel inneheld enkelte endringar som gjer det naudsynt med mindre justeringar av gjeldande regelverk, samt visse særlege reglar om høvet mellom næringsdrivande som fordringshavar og det offentlege. I høyringsnotatet vart det fremma forslag om innføring av ny § 2 a i forseinkingsrentelova for å beskytte fordringshavarane sine krav på renter og betaling. Høyringsnotatet la også opp til ein auke av forseinkingsrentesatsen i næringshøve på eitt prosentpoeng. Nytt er også forslaget om ein standardkompensasjon for å dekke inndrivingskostnadane i ny § 3 a. Vidare vart det foreslått visse justeringar i forseinkingsrentelova § 4 a om bruken av avtalelova § 36. Dei særlege reglane om høvet mellom næringsdrivande som fordringshavar og offentlege myndigheiter vart foreslått regulert i ei ny § 4 b i forseinkingsrentelova.

2.3 Høyringa

Justisdepartementet sendte 9. mai 2011 forslaga om endringar i forseinkingsrentelova på høyring til følgjande institusjonar og organisasjonar:

Departementa

Domstoladministrasjonen
Finanstilsynet
Konkurransetilsynet
Skattedirektoratet
Toll- og avgiftsdirektoratet

Forbrukarrådet
Forbrukarombodet
Husbanken
Innovasjon Norge
Noregs Bank
Regjeringsadvokaten
Riksrevisjonen
Statens Innkrevjingssentral
Verdipapirsentralen
ØKOKRIM

Sivilombodsmannen

Bergen kommune
Oslo kommune
Stavanger kommune
Trondheim kommune
Tromsø kommune

Endringer i forseinkingsrentelova mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

Advokatforeningen
 Arbeidsgiverforeningen for Skip og Offshore-
 fartøyer
 Bedriftsforbundet
 COOP Norge SA
 Finansklagenemnda
 Den norske Aktuarforening
 Den norske Dommerforening
 Den norske Revisorforening
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
 Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø
 Eiendomsmeglerforetakenes Forening
 Finansforbundet
 Finansnæringens Fellesorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorgani-
 sasjon
 Handelsbanken Liv
 Handelshøyskolen BI
 Huseiernes Landsforbund
 Kommunalbanken AS
 Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiveror-
 ganisasjon (KS)
 Kreditorforeningen i Oslo
 Landsorganisasjonen i Norge
 Maskinentreprenørenes Forbund
 Nei til EU
 NKK – Norges kemner- og kommuneøkonomers
 forbund
 Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
 Norges Bilbransjeforbund
 Norges Bondelag
 Norges Eiendomsmeglerforbund
 Norges Fiskarlag
 Norges Fondsmeglerforbund
 Norges Handelshøyskole
 Norges Huseierforbund
 Norges Juristforbund
 Norges Kreditorforbund
 Norges Lastebileierforbund
 Norges Rederiforbund
 Norsk Bergindustri
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norsk Egeninkassoforening
 Norsk senter for menneskerettigheter
 Norske Boligbyggelags Landsforbund
 Norske Finansanalytikerens Forening
 Norske Forsikringsmegleres Forening
 Norske Inkassobyråers Forening
 Norske Kommunale Regnskapskontrollørers
 Forbund
 Norske Kredittopplysningsbyråers Forening

Norske Siviløkonomers forening
 NTL-Skatt
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Oslo Børs
 Pensjonskasseforeningen
 Private Barnehagers Landsforbund
 Rettspolitisk forening
 Sjøassurandørenes Centralforening
 Skatterevisorenes Forening
 Sparebank 1 Livsforsikring
 Verdipapirfondenes forening
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Høyringsfristen var 1. september 2011. Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje vil kome med frå-
 segn i saka, at dei ikkje har merknader til høyringsnotatet, eller at dei støttar framlegget utan merknader:

Administrasjons- og kyrkjedepartementet
 Arbeidsdepartementet
 Barne-, likestillings- og inkluderingsdeparte-
 mentet
 Finansdepartementet
 Fiskeri- og kystdepartementet
 Helse og omsorgsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Samferdsledepartementet
 Utanriksdepartementet
 Domstolsadministrasjonen
 Konkurransetilsynet
 Statens innkrevjingssentral
 Husbanken
 Noregs Bank
 Landsorganisasjonen i Norge
 Næringslivets hovedorganisasjon
 Revisorforeningen

Følgjande instansar har merknader til forslaga:

Pensjonskasseforeningen
 Skatteetaten
 Finanstilsynet
 Byrådet i Bergen
 Toll- og avgiftsdirektoratet
 Finansnæringens Fellesorganisasjon
 Handels- og servicenæringens Hovedorganisasjon
 (No Virke)
 COOP Norge
 Norske Inkassobyråers forening

3 Nærmare om direktivet

3.1 Bakgrunn og føremål

Det gjeldande europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/35/EF av 29. juni 2000 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve vart som nemnd gjennomført i norsk rett ved lov 12. desember 2003 om endringer i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. Sjå Ot.prp. nr. 3 (2003–2004) om den nærare grunngevinga for endringslova.

Direktivet som nå ligg føre – europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handels-

høve – er ein omarbeiding av det gjeldande direktivet. Det nye direktivet vil tre i staden for det gamle.

Føremålet med direktivet om forseinka betaling er å styrkje fordringshavarane si rettsstilling ved forseinka betaling i handelshøve. Direktivet trekk opp ei rettsleg ramme for å hindre forseinka betaling og for å sikre passande kompensasjon der dette likevel skjer. Direktivet inneheld føresegner som skal sikre at innkrevjing av gjeld vert effektiv og rimeleg.

Som bakgrunn for innføringa av direktivet viser departementet også til følgjande statistikk om betalingsatferd i Europa i dag:

Tabell 3.1 Gjennomsnittleg avtalt betalingstid på faktura til næringsliv og offentleg sektor 2008–2011, dagar

	Føretak				Offentleg sektor			
	2011	2010	2009	2008	2011	2010	2009	2008
Finland	20	20	21	21	20	20	20	20
Noreg	23	21	22	23	26	25	26	26
Island	25	25	25	26	25	25	26	29
Danmark	25	25	25	29	25	25	25	27
Nederland	25	25	26	26	26	26	27	27
Tyskland	25	25	27	30	25	25	25	25
Austerrike	26	27	27	27	30	29	29	27
Sverige	27	27	27	27	28	28	28	28
Sveits	29	29	29	31	31	31	31	32
Storbritannia	30	32	32	33	29	29	29	30
Belgia	35	35	35	37	45	45	45	49
Frankrike	41	41	45	49	44	44	48	57
Italia	69	66	67	68	90	86	76	95
Spania	70	70	72	73	87	88	88	103
Hellas	75	75	85	84	60	90	95	95

Kjelde: Intrum Justitia, *European Payment Index 2011*.

Tabell 3.2 Gjennomsnittleg forseinka betaling på faktura til næringsliv og offentlig sektor 2008–2011, dagar

	Føretak				Offentleg sektor			
	2011	2010	2009	2008	2011	2010	2009	2008
Finland	7	7	7	6	4	4	4	4
Sverige	8	8	8	7	7	7	7	7
Noreg	9	8	11	8	8	5	8	5
Sveits	11	13	13	12	14	15	16	15
Island	12	9	8	7	9	7	13	5
Austerrike	12	11	8	8	19	14	11	20
Tyskland	12	10	22	16	10	11	15	15
Danmark	13	12	12	7	12	13	13	9
Belgia	15	17	17	03	27	31	31	26
Storbritannia	16	18	20	18	18	19	20	18
Nederland	18	17	16	14	21	23	22	19
Frankrike	18	18	18	16	20	21	22	14
Spania	29	28	26	16	66	65	51	41
Italia	34	30	21	20	90	100	52	40
Hellas	35	30	35	26	100	65	70	62

Kjelde: Intrum Justitia, *European Payment Index 2011*.

Tabell 3.3 Total betalingstid på faktura til næringsliv og offentlig sektor 2008–2011, dagar

	Føretak				Offentleg sektor			
	2011	2010	2009	2008	2011	2010	2009	2008
Finland	27	27	28	27	24	24	24	24
Noreg	32	29	33	31	34	30	34	31
Sverige	35	35	35	34	35	35	35	35
Island	37	34	33	33	34	32	39	34
Tyskland	37	35	49	46	35	36	40	40
Danmark	38	37	37	36	37	38	38	36
Austerrike	38	38	35	35	49	43	40	47
Sveits	40	42	42	43	45	46	47	47
Nederland	43	42	42	40	47	49	49	46
Storbritannia	46	50	52	51	47	48	49	48
Belgia	50	52	52	50	72	76	76	75
Frankrike	59	59	63	65	64	65	70	71
Spania	99	98	98	89	153	153	139	144
Italia	103	96	88	88	180	186	128	135
Hellas	110	105	120	110	168	155	165	157

Kjelde: Intrum Justitia, *European Payment Index 2011*.

3.2 Hovudinnhaldet i direktivet

Etter artikkel 1, jf. artikkel 2, gjeld direktivet for alle betalingar ved handelstransaksjonar mellom føretak og mellom føretak og det offentlege, men medlemsstatane kan gjere unnatak for gjeld som er under insolvenshandsaming.

Artikkel 2 inneheld definisjonar. Definisjonane svarar i det vesentlege til det gjeldande direktivet. I det nye direktivet finn ein rett nok fleire definisjonar enn i det gjeldande direktivet, men dette er nok i stor grad utslag av at innhaldet i direktivet er disponert på ein annan måte enn tidlegare. Med «handelstransaksjonar» skal ein forstå forretningsmessige transaksjonar mellom føretak eller mellom føretak og offentlege myndigheiter som fører til levering av varer eller yting av tenester mot vederlag. Med «offentlig myndighet» siktar ein til ei kvar ordregjevande myndighet som definert i artikkel 2 nr. 1 bokstav a i direktiv 2004/17/EF og i artikkel 1 nr. 9 i direktiv 2004/18/EF, utan omsyn til kontrakten sin gjenstand eller verdi.

«[F]øretak» vil seie einkvar organisasjon som ikkje er offentlig myndighet, som opptre som ledd i uavhengig økonomisk eller yrkesmessig

aktivitet. Slik aktivitet utført av ein skilde personar er òg omfatta. Med «forsinket betaling» meiner ein ei betaling som ikkje er utført innanfor dei fristane som er fasette i avtala eller i lova, og der vilkåra i artikkel 3 nr. 1 og artikkel 4 nr. 1 er oppfylt.

Med «forsinkelsesrente» skal ein forstå lovfastsett rente ved forseinka betaling eller avtalt rente mellom føretak i samsvar med artikkel 7. Artikkel 7 gir nærare føresegnar om urimelege avtalevilkår og avtalepraksis.

«[L]ovfestet forsinkelsesrente» skal vere referanserentesatsen med eit tillegg på minst åtte prosentpoeng. Omgrepet «referanserente» syner på si side til anten rentesatsen som er fastsett av Den europeiske sentralbanken i banken sin seinaste vesentlege refinansieringstransaksjon, eller til den marginale rentesatsen som er resultat av den variable renteanbudsprosedyra for slike operasjonar, eller til den tilsvarende rentesatsen fastsett av den nasjonale sentralbanken til ein medlemsstat som ikkje har euro som sin valuta.

Omgrepet «utestående beløp» syner til hovudstolen som skulle ha vore betalt innanfor den avtalte eller lovfaste fristen, medrekna

skatt, avgift, pålegg eller gebyr spesifisert i faktura eller tilsvarende betalingsoppmoding.

Artikkel 3 regulerer når fordringshavaren har krav på forseinkingsrenter i transaksjonar mellom føretak. Artikkel 4 regulerer mellom anna frå kva for eit tidspunkt fordringshavaren har krav på renter for forseinka betaling i høvet mellom føretak og det offentlege. Det er vidare fastsett at betalingsfristen i slike transaksjonar som hovudregel ikkje skal overstige 30 dagar. Betalingsfristen kan på nærare vilkår fråvikast. For visse offentlege føretak, mellom anna slike som yter helsetenester, kan medlemsstatane velje å utvide betalingsfristen til inntil 60 dagar.

Artikkel 5 fastset at direktivet ikkje rører ved høvet partane har til å avtale betalingsplanar.

Artikkel 6 gir fordringshavaren rett til kompensasjon for inndrivingskostnader. Etter føresegna skal fordringshavaren, når ho eller han har rett til renter for forseinka betaling, som eit minimum ha ein fast kompensasjon tilsvarende 40 euro. I tillegg skal fordringshavaren ha rett til ei rimeleg erstatning for moglege inndrivingskostnader som overstig den nemnde standardkompensasjonen.

Artikkel 7 inneheld føresegner om urimelege avtalevilkår og handelspraksis, samt ein rett for organisasjonar som representerer føretak, til å gå til søksmål om urimelege avtalevilkår og handelspraksis ved forseinka betaling.

Artikkel 8 regulerer medlemsstatane si plikt til å sikre innsyn og bevisstgjerding om føresegnene om forseinka betaling. Artikkel 9 inneheld visse reglar om eigeomsatterhald, medan artikkel 10 stiller visse krav til sakshandsamingstida ved tvangsfullføring.

Artikkel 11, 12 og 13 regulerer mellom anna rapporteringsplikta til Kommisjonen og medlemsstatane si plikt til å gjennomføre direktivet innan 16. mars 2013. Direktivet er eit minimumsdirektiv på den måten at medlemsstatane kan halde fram med å ha føresegner eller fastsette føresegner som er gunstigare for fordringshavaren enn det som følgjer av direktivet, jf. artikkel 12 nr. 3.

3.3 Generelle merknader i høyringsrunden

I høyringsrunden har det kome følgjande generelle merknader:

Den norske Revisorforening uttalar:

«Direktivet og lovforslaget innebærer en styrking av kreditors stilling ved kredittsalg. Det er lagt særlig vekt på små og mellomstore bedrifters behov for lovbeskyttelse som bedre kan

sikre betaling til rett tid og rimelige betalingsfrister. Revisorforeningen mener at det er riktig å vektlegge kreditors stilling i handelstransaksjoner og støtter lovforslaget.»

Finansnæringens Fellesorganisasjon uttalar:

«FNO ser at endringene i forsinkelsesrenteloven er nødvendige for å gjennomføre Europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve i norsk rett».

Handels og Servicenæringens Hovedorganisasjon (no Virke) uttalar:

«HSH mener i utgangspunktet at det er positivt med tiltak som skal fremme rettidig betaling mellom næringsdrivende og virke preventivt med hensyn til forsinket betaling. Vi stiller oss like fullt noe tvilende til om det pr dags dato er behov for gjennomføring av nevnte direktiv i norsk rett. Undersøkelser viser at Norge ligger i Eurotoppen når det gjelder effektiv inndrivelse av fordringer, og har etter vårt syn et av de mest velfungerende systemer for innkreving. Innføring av departementets implementeringsforslag vil medføre en rett til standardkompensasjon (40 euro) etter utløpet av betalingsfristen, uavhengig av reglene om kompensasjon etter inkassolovgivningen

Vi mener at departementet på nytt bør vurdere om det på nåværende tidspunkt er behov for innføring av nevnte direktivs regler, som på sikt muligens vil kunne få utilsiktede og negative konsekvenser for det någjeldende og velfungerende innkreivingsregimet som følger av inkassolovgivningen.»

3.4 Departementets vurderingar

Departementet viser til at direktivet ved vedtak 30. mars 2012 ble tatt inn i EØS-avtala, med atterhald om Stortinget sitt samtykke. Stortinget blei ved Prop. 138 S (2011-2012) bedt om samtykkje til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 55/2012 av 30. mars 2012 om innlemming i EØS-avtalen av direktiv 2011/7/EU av 16. februar 2011 om kamp mot forseinka betaling i handelshøve. Departementet meiner det er ynskjeleg med fleire tiltak som kan bidra til at ein unngår forseinka betaling. Direktivet har som føremål å bidra til ein betre betalingspraksis i den indre marknaden, noko som også norske føretak vil nyte godt av når

dei sel varer og tenester i marknaden. Eit slik tiltak kan mellom anna føre til auka eksport.

Det saklege verkeområde etter direktivet er avgrensa til å gjelde avtaler om kjøp av varer og tenester mellom føretak og mellom føretak og det offentlege. For å ivareta interessene til forbrukarane føreslår departementet difor at ein gjer det klårt i ein ny bokstav d i § 4 at visse føresegner ikkje gjeld når skuldnaren er ein forbrukar.

4 Transaksjonar mellom føretak

4.1 Føresegnene i direktivet

Når nærare vilkår er oppfylte, skal fordringshavaren ha rett til renter for forseinka betaling utan at det er naudsynt med ei betalingspåminning til skuldnaren, jf. artikkel 3 nr. 1 i direktivet. Vilkåra er at fordringshavaren har oppfylt sine avtalskyldnader og lovfaste pliktar, og at fordringshavaren ikkje har motteke det skuldige beløpet i rett tid, med mindre skuldnaren ikkje er skuld i forseinkinga, jf. artikkel 3 nr. 1 bokstav a og b.

Artikkel 3 nr. 2 bokstav a og b fastslår nærare kva som er den aktuelle referanserentesatsen. For dei fyrste seks månadene av eit år gjeld satsen som vart fastsett 1. januar i det same året. For dei siste seks månadene gjeld satsen som vart fastsett 1. juli dette året.

Er dei nemnde vilkåra i artikkel 3 nr. 1 oppfylte, skal fordringshavaren ha rett til forseinkingsrenter frå dagen etter den siste rettidige betalingsdagen eller etter utløpet av betalingsfristen i avtala, jf. artikkel 3 nr. 3 bokstav a. Er ingen slik dato eller periode for betaling gitt i avtala, skal fordringshavaren etter artikkel 3 nr. 3 bokstav b ha rett til forseinkingsrenter etter at ein av dei følgjande fristane gjekk ut:

- i) 30 kalenderdagar etter at skuldnaren har motteke faktura eller tilsvarende betalingsoppmoding,
- ii) dersom datoen for mottak av faktura eller tilsvarende betalingsoppmoding er usikker, 30 kalenderdagar etter mottak av varene eller tenestene,
- iii) dersom skuldnaren tek imot faktura eller tilsvarende betalingsoppmoding tidlegare enn varene eller tenestene, 30 kalenderdagar etter mottak av varene eller tenestene, eller
- iv) dersom det skal nyttast ei lov- eller avtalefesta godkjenning- eller verifikasjonsprosedyre som skal fastsette i kva grad varene eller tenestene er i samsvar med avtala, og

skuldnaren har motteke faktura eller tilsvarende betalingsoppmoding tidlegare eller same dagen som ei slik godkjenning- eller verifikasjonsprosedyre finn stad, 30 kalenderdagar etter denne datoen.

Artikkel 3 nr. 4 inneheld nærare føresegner som set grenser for kor lang tid som kan nyttast på ei godkjenning- eller verifikasjonsprosedyre nemnd i punkt iv ovanfor. Som hovudregel skal det ikkje gå meir enn 30 dagar frå då varane eller tenestene vart leverte, når ikkje anna er tydeleg avtalt og på det vilkår at ei slik avtaleregulering ikkje er klårt urimeleg for fordringshavaren etter artikkel 7, jf. punkt 8 i proposisjonen her.

Vidare krev artikkel 3 nr. 5 at medlemsstatane skal sikre at den avtalte betalingsfristen ikkje overstig 60 dagar, med mindre anna er uttrykkelig avtalt og ikkje kan sjåast som klårt urimeleg for fordringshavaren etter artikkel 7.

4.2 Gjeldande rett

Etter forseinkingsrentelova § 2 kan fordringshavaren krevje forseinkingsrente når kravet ikkje vert betalt ved forfall. Er forfallstida fastsett på førehand, løp forseinkingsrenter frå denne dagen, og elles frå 30 dagar etter at fordringshavaren har sendt skuldnaren eit skriftleg påkrav med oppmoding om å betale.

Norsk rett inneheld få føresegner som regulerer avtalt betalingstid mellom to føretak ved kjøp av varer eller tenester. Som for alle andre avtalevilkår, vil likevel slike avtaleføresegner kunne endrast eller settast ut av kraft som eit urimeleg avtalevilkår etter avtalelova § 36. Kjøpslova § 49 inneheld visse føresegner om betalingstid, men føresegne i lova kan fråvikast ved avtale, jf. § 3.

4.3 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet punkt 3.2.1 til 3.2.3 uttala departementet:

«[...]Tidspunkt då renteberekninga startar

Då det gjeldande direktivet vart gjennomført i norsk rett, vurderte departementet det slik at det ikkje var naudsynt å endre reglane om tidspunktet då renteberekninga startar, jf. Ot.prp. nr. 3 (2003-2004) side 11-13. Etter det departementet kan sjå, er reglane i det nye direktivet dei same, noko som gjer at det heller ikkje no er behov for endringar på dette punktet.

[...] Lengste betalingstid og sensur av urimelege avtalevilkår

Direktivet artikkel 3 nr. 4 krev at ein kontrollprosedyre som skal sikre at varene eller tenestene er i samsvar med avtala, ikkje skal overstige 30 dagar etter at varene eller tenestene er mottekne, med mindre noko anna er tydeleg avtalt, forutsett at det ikkje er klårt urimeleg overfor kreditor. Departementet gjer framlegg om å gjennomføre føresegna i ny § 2 a andre ledd i forseinkingsrentelova.

Når det gjeld artikkel 3 nr. 5 om ein maksimal betalingsperiode på 60 dagar når ikkje anna er tydeleg avtalt og dette ikkje er klårt urimeleg, ser departementet det førebels slik at føresegna krev ei lovendring. Fristen gjeld truleg den avtalte fristen etter direktivet artikkel 3 nr. 3 bokstav a. Som hovudregel vil det dermed ikkje vere høve for næringsdrivande å leggje til grunn ein lengre betalingsfrist enn 60 dagar utan at dette er tydeleg avtalt, jf. òg punkt 13 i direktivet si fortale. Departementet gjer i høyringsnotatet her framlegg om ein ny § 2 a fyrste ledd i forseinkingsrentelova, som tek sikte på å gjennomføre direktivet artikkel 3 nr. 5.

Når eit vilkår om lengre frist er tydeleg avtalt, vil fristen heller ikkje stå seg dersom han er klårt urimeleg for fordringshavaren. Etter departementet sitt syn oppfyller norsk rett her allereie krava i direktivet, då urimelege avtalevilkår kan setjast til side med heimel i avtalelova § 36. Medan direktivet berre sanksjonerer klårt urimelege vilkår, vil terskelen etter norsk rett vere ved det urimelege – noko som er til fordel for fordringshavaren. Med utgangspunkt i minimumsklausulen synest det ikkje naudsynt å endre norsk rett for å oppfylle krava i direktivet i relasjon til urimelege vilkår.

[...] Forseinkingsrentesatsen

Reglane om rentesats i artikkel 3 nr. 2, jf. artikkel 2 nr. 6 og 7, er i hovudsak i samsvar med det gjeldande direktivet og forseinkingsrentelova § 3 fyrste ledd fyrste punktum. Den lovbestemte renta for forseinka betaling skal likevel utgjere referanserentesatsen med eit tillegg på minst åtte prosentpoeng, jf. artikkel 2 nr. 6. Dette er ei auke på eit prosentpoeng samanlikna med 2000-direktivet. Det vert dermed naudsynt å endre rentesatsen i forseinkingsrentelova § 3 tilsvarende, jf. framlegget om endring av § 3 i høyringsnotatet her.»

4.4 Høyringsfråsegnene

Skatteetaten uttaler:

«Vi har merket oss at forslaget innebærer en økning av den lovbestemte forsinkelsesrentesatsen med ett prosentpoeng, noe som betyr en endring i forsinkelsesrenteloven § 3 som også gjelder ved forsinket betaling av skatte- og avgiftskrav, jf. skattebetalingsloven § 11-6.»

Norske Inkassobyråers Forening uttaler:

«NIF er enig med departementets vurderinger når det gjelder forhold nevnt i høyringsnotatet pkt. 3.2.2, 3.2.3, pkt. 4, 5, 7 og 8. NIF er imidlertid skeptisk til hvor fornuftig det vil være å bruke Forsinkelsesrenteloven som en oppsamlingsplass for bestemmelser som spenner over så store rettsområder. NIF foreslår derfor at bestemmelsene foreslått i forsinkelsesrenteloven § 2 a, 4 a, og 4 b innarbeides i avtaleloven hvor de naturlig hører hjemme. I tillegg foreslår vi at begrepet betalingsperiode i § 2 a 1. avsnitt byttes ut med begrepet 'kredittid'».

4.5 Departementets vurdering

På bakgrunn av høyringsrunden held departementet fast ved framlegget i høyringsnotatet. Føresegnene i artikkel 3 nr. 4 og 5 vert med det foreslått gjennomført i ein ny § 2 a i forseinkingsrentelova. Artikkel 3 nr. 3 krev, slik departementet ser det, ikkje endringar i lovverket. Artikkel 3 nr. 2, jf. artikkel 2 nr. 6 og nr. 7, foreslår departementet at vert gjennomført ved justering av rentesatsen i forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum. Slik departementet ser det, er artikkel 3 nr. 1 allereie i samsvar med forseinkingsrentelova § 2 første ledd første punktum og andre ledd og krev difor ikkje lovendring.

Når det gjeld merknaden frå *Norske Inkassobyråers Forening*, er departementet samd i at fleire av dei foreslåtte føresegnene kanskje ikkje høyrer naturleg heime i forseinkingsrentelova, slik lova er i dag. Det kan ofte vere ei utfordring å få til ein lovsystematikk kor nye føresegner naturleg lar seg innplassere. Direktivet gjeld handelstransaksjonar ved kjøp av varer og tenester. Eit alternativ ville vere å plassere reglane i kjøpslova. Men sidan kjøpslova ikkje gjeld kjøp av tenester, og vi ikkje har ei lov som direkte regulerer yting av tenester, ser departementet ikkje det som eit aktuelt alternativ. Avtalelova er ei lov som gjeld alle avtaler, også dei som ikkje direkte gjeld kjøp av varer

eller tenester. Reglane som er føreslått i proposisjonen her, har nær samanheng med renteføresegnene i forseinkingsrentelova. Departementet har difor blitt ståande ved at føresegnene best kan innplasserast i forseinkingsrentelova. Spørsmålet om kva slags føresegner som høyrer heime i avtalelova, bør etter departementet sitt syn vurderast meir overordna enn det som er ramma for lovproposisjonen her.

Departementet meiner likevel at føresegna om at ein kontrollprosedyre ikkje skal overstige 30 dagar, med mindre noko anna er uttrykkjeleg avtalt, også bør reflekterast i lov 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp § 49 andre ledd nytt andre punktum. I utgangspunktet vil reguleringa i forseinkingsrentelova vere tilstrekkeleg, men departementet ser det slik at ei føresegn i kjøpslova vil gi betre informasjon om regelen og med det ha pedagogiske fordelar. I den svenske utredninga, SOU 2012: 11 Snabbare betalningar, er det òg føreslått ei slik løysning.

Departementet går ikkje inn for å endre på ordlyden i den føreslåtte § 2 a i forseinkingsrentelova, slik at ein nyttar uttrykket «kredittiden» i staden for «betalingsperioden». I den danske versjonen av direktivteksten artikkel 3 nr. 5 og i den førebels uoffisielle norske oversettinga, er uttrykket «betalingsfrist» og «betalingsfristen» nytta. Departementet finn etter dette at «betalingsfristen» er mest treffande, og legg fram lovforslag i tråd med dette.

5 Transaksjonar mellom føretak og det offentlege

5.1 Føresegnene i direktivet

Artikkel 4 fastset at medlemsstatane skal sikre at når skuldnaren er ei offentlig myndigheit, skal fordringshavaren ha rett til lovfastsett rente for forseinka betaling utan at det er naudsynt med ei betalingspåminning til skuldnaren, når fristane for betaling i artikkel 4 nr. 3, 4 eller 6 er ute og vilkåra i nr. 1 bokstav a og b er tilfredsstilte. Etter bokstav a må fordringshavaren ha oppfylt sine skyldnader etter avtala og lova. Vidare er det eit vilkår etter bokstav b at fordringshavaren ikkje har motteke det skuldige beløpet til rett tid, med mindre skuldnaren ikkje er ansvarleg for forseinkinga.

Artikkel 4 nr. 2 bokstav a og b fastslår nærare kva som er den aktuelle referanserentesatsen. Føresegna her er lik føresegna i artikkel 3 nr. 2, sjå punkt 4.1 ovanfor.

Artikkel 4 nr. 3 bokstav a pålegg medlemsstatane å sikre at betalingsfristane i handelshøve, når ei offentlig myndigheit er skuldnar, ikkje overstig:

- i) 30 kalenderdagar etter at skuldnaren har motteke faktura eller tilsvarande betalingsoppmoding,
- ii) dersom datoen for mottak av faktura eller tilsvarande betalingsoppmoding er usikker, 30 kalenderdagar etter mottak av varene eller tenestene,
- iii) dersom skuldnaren tek imot faktura eller tilsvarande betalingsoppmoding tidlegare enn varene eller tenestene, 30 kalenderdagar etter mottak av varene eller tenestene,
- iv) dersom det skal nyttast ei lov- eller avtalefesta godkjenning- eller verifikasjonsprosedyre som skal fastsette i kva grad varene eller tenestene er i samsvar med avtala, og skuldnaren har motteke faktura eller tilsvarande betalingsoppmoding tidlegare eller same dagen som ei slik godkjenning- eller verifikasjonsprosedyre finn stad, 30 kalenderdagar etter denne datoen.

Vidare fastset artikkel 4 nr. 3 bokstav b at medlemsstatane skal sikre at datoen for mottak av faktura ikkje beror på avtaleregulering mellom skuldnaren og fordringshavaren. Medlemsstatane må også sikre at betalingsfristen i avtala ikkje overstig dei fristane som er nemnde i artikkel 4 nr. 3, med mindre noko anna er tydeleg avtalt og under føresetnad av at ei slik avtale er objektivt grunna i lys av særskilte omstende ved avtala, og at betalingsfristen ikkje under noko omstende overstig 60 dagar, jf. artikkel 4 nr. 6.

Medlemsstatane kan etter artikkel 4 nr. 4 lenge fristen etter artikkel 4 nr. 3 bokstav a til maksimum 60 dagar for offentlege myndigheiter som utfører økonomiske aktivitetar av industriell eller kommersiell karakter ved å tilby varer eller tenester på marknaden, og som fell inn under kommisjonsdirektiv 2006/111/EF av 16. november 2006 om innsyn i medlemsstatenes økonomiske forbindelser med offentlege foretak samt om økonomisk innsyn i visse foretak. Etter bokstav b kan ein også ha ei slik lenging av betalingsfristen for offentlege einingar som er godtekne med tanke på å tilby helsetenester.

Artikkel 4 nr. 5 inneheld nærare føresegner som avgrensar kor lang tid som kan nyttast på ei aksept- eller verifikasjonsprosedyre nemnd i punkt iv ovanfor. Som hovudregel skal det ikkje gå meir enn 30 dagar frå då varene eller tenestene vart leverte, når ikkje anna er tydeleg avtalt og på

det vilkår at ei slik avtaleregulering ikkje er klårt urimeleg for fordringshavaren etter artikkel 7. Føresegna svarar til artikkel 3 nr. 4 omhandla i punkt 4 ovanfor.

5.2 Gjeldande rett

Forseinkingsrentelova har ingen særskilte føresegner om transaksjonar mellom føretak og det offentlege. Det vil såleis etter gjeldande rett vere dei same allmenne føresegnene som gjeld mellom private føretak som vil gjelde også i forholdet mellom føretak og offentlege myndigheiter i den utstrekning lova gjeld.

5.3 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet punkt 4.2 uttalte departementet:

«Med føresegnene i artikkel 4 tek direktivet sikte på å betre stillinga til fordringshavaren når ei offentlig myndigheit er skuldnar. Fortala punkt 23 viser til at lange betalingsfristar og forseinka betaling frå skuldnarar som er offentlege myndigheiter påfører føretak urimelege kostnader. Difor innfører direktivet særlege føresegner for å motverke denne ulempa, mellom anna ein hovudregel om at betalingsfristar i avtaler mellom offentlege myndigheiter og føretak normalt ikkje kan vere meir enn 30 kalenderdagar. Departementet gjer i høyringsnotatet her framlegg om lovreglar til gjennomføring av direktivet sine reglar om transaksjoner mellom verksemdar og offentlege myndigheiter, sjå framlegg til ny § 4 b i forseinkingsrentelova i punkt 11 notatet her.

Departementet vurderer det slik at det ikkje vil vere naudsynt å gjennomføre artikkel 4 nr. 4 i lov, og foreslår ein forskriftsheimel som gjer det mogleg å fastsetje forskrifter som set lengre betalingsfristar for visse verksemdar. Departementet oppmodar høyringsinstansane til å uttale seg om det synest å vere behov for slike reglar.

Når det gjeld gjennomføringa av direktivet artikkel 4 nr. 1 og nr. 2, viser departementet til vurderinga av dei tilsvarande spørsmåla i høyringsnotatet punkt 3.2.1 og 3.2.3.»

5.4 Høyringsfråsegnene

Bergen kommune uttalar:

«En er tilfreds med at forslaget frå Kommissjonens side om at fordringshaver skal ha rett til en kompensasjon på 5 % av kravet ved forsinket betaling frå det offentlige, ikkje er videreført i det vedtatte direktiv».

Norske Inkassobyråer Forening uttalar at ein deler departementet sine vurderingar. Foreininga viser også til fråsegna når det gjeld den lovtekniske løysinga i punkt 4.4 ovanfor.

5.5 Departementets vurdering

På bakgrunn av høyringsrunden går departementet inn for framlegget i høyringsnotatet, likevel slik at departementet foreslår ein ny § 2 b i staden for ein ny § 4 b. Føresegnene i direktivet artikkel 4 nr. 3 til nr. 6 er difor foreslått gjennomført i ein ny § 2 b i forseinkingsrentelova, i hovudsak i tråd med framlegget i høyringsnotatet. Departementet meiner likevel at ein bør presisere verkeområdet til § 2 b. Sidan direktivet berre gjeld avtaler om kjøp av varer eller tenester, vurderer departementet det slik at ein ikkje bør la dei særlege føresegnene om avtaler mellom offentlege myndigheiter og private verksemdar få større rekkjevidde enn det direktivet krev. I eit nytt første ledd i § 2 b er det difor presisert at føresegna gjeld for avtaler mellom det offentlege og føretak om kjøp av varer eller tenester.

Artikkel 4 nr. 1 er slik departementet ser det allereie i hovudsak gjennomført i forseinkingsrentelova § 2 første ledd første punktum og andre ledd. I høyringsnotatet la departementet til grunn at føresegnene i direktivet allereie var i tråd med føresegnene i lova, og at det difor ikkje ville vere naudsynt med endringar i lovteksten. Departementet ser det no slik at det er behov for ei føresegn i lova som gjer det klårt at ein ikkje kan avtale ei lågare forseinkingsrente enn den lovfaste renta i avtaler mellom ein næringsdrivande og det offentlege som gjeld kjøp av varer og tenester. Ei slik føresegn er i tråd med den foreslåtte reguleringa i den svenske utgreiinga om gjennomføring av direktivet i svensk rett, SOU 2012:11 Snabbare betalningar. Departementet foreslår at dette kjem til uttrykk i en ny § 2 b fjerde ledd bokstav c.

Som nemnt foreslår departementet at artikkel 4 nr. 2, jf. artikkel 2 nr. 6 og nr. 7, vert gjennomført ved justering av rentesatsen i forseinkingslova § 3.

6 Betalingsplan

Direktivet artikkel 5 har føresegner om betalingsplanar. Føresegnene er nye i høve til 2000-direktivet. Artikkel 5 slår fast at direktivet ikkje grip inn i den moglegheita partane har til å avtale ein betalingsplan med avdrag i samsvar med gjeldande nasjonal rett. I slike tilfelle skal, når eit avdrag ikkje er betalt ved forfall, renter og kompensasjon etter direktivet berre reknast på grunnlag av den førefalne gjelda.

I høyringsnotatet uttalte departementet om artikkel 5:

«Forseinkingsrentelova har ikkje i dag nokon uttrykkeleg regel som i direktivet artikkel 5 avslutningsvis. Etter departementet sitt syn følger direktivet sin regel allereie av forseinkingsrentelova § 2, og det skulle dermed ikkje vere naudsynt med lovendring på dette punktet.»

Det er berre *Norske Inkassobyråers Foreining* som har merknader til dette punktet i høyringsnotatet. Høyringsinstansen støtter departementets syn.

Etter departementet sitt syn krev direktivet artikkel 5 etter dette ikkje endringar i norsk rett.

7 Kompensasjon for inndrivingskostnader

7.1 Føresegnene i direktivet

Etter direktivet artikkel 6 nr. 1 skal medlemstane sikre at fordringshavaren, når det skal betalast rente for forseinka betaling i samsvar med artikkel 3 eller 4, får krav på ein fast sum som minimum svarar til 40 euro. Denne summen skal forfalle til betaling utan at det er naudsynt med ei påminning. Summen skal tene til dekning av inndrivingskostnadene som fordringshavaren har hatt sjølv, jf. artikkel 6 nr. 2.

I tillegg til den nemnde summen skal fordringshavaren ha rett til ei rimeleg dekning frå skuldnaren for moglege inndrivingskostnader som overstig den fastsette summen, og som er oppstått på grunn av forseinkinga, jf. artikkel 6 nr. 3. Slike kostnader kan til dømes vere kostnadar ved bruk av advokat eller inkassoføretak.

7.2 Gjeldande rett

7.2.1 Utanrettsleg innkrevjing

Kompensasjon for inndrivingskostnader er i norsk rett regulert i lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven) med tilhøyrande forskrifter.

Etter inkassolova § 17 første ledd pliktar skyldnaren å erstatte fordringshavaren sine «nødvendige kostnader» ved utanrettsleg inndrivning. I § 17 andre til fjerde ledd og § 18 er det gjort enkelte unnatak frå dette. Om og i kva mon skuldnaren er ansvarleg for kostnadene fordringshavaren har hatt, må som utgangspunkt vurderast konkret etter inkassolova § 17. Det må først vurderast om det var naudsynt å setje i verk det tiltaket som førte til kostnaden. Deretter må ein ta stilling til om det var naudsynt med ein så høg pris for tiltaket, jf. Ot.prp. nr. 2 (1987-88) side 120.

Inkassoforskrifta (forskrift 14. juli 1989 nr. 562) gir nærmare reglar om ansvaret for utanrettslege inndrivingskostnader. Forskrifta skil mellom to typar satsar: Satsar for gebyrmessig erstatning (inkassoforskrifta kapittel 1) og maksimalsatsar (inkassoforskrifta kapittel 2). Skilnaden er at dei gebyrmessige satsane kan krevjast utan at fordringshavaren treng dokumentere eit konkret tap på grunn av inndrivningstiltaket. Begge typar satsar blir fastsette utfrå ein grunnsats («inkassosatsen»), som for tida er på 620 kroner. Inkassosatsen blir endra årleg i samsvar med utviklinga i konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå, jf. inkassoforskrifta § 1-1 tredje ledd.

Fordringshavaren kan krevje *gebyrmessig erstatning* for spesifikke inndrivningstiltak. Det kan krevjast 1/10 av inkassosatsen for skriftlege purringar og inkassovarsel. For ei betalingsoppfordring som oppfyller vilkåra i inkassolova § 10, kan det krevjast eit beløp lik tre tidelar av inkassosatsen.

Maksimalatsane set eit tak for erstatningsansvaret til skyldnaren. Desse satsane varierer med storleiken på det kravet som blir drive inn, kor langt ein er komen i inndrivingsprosessen, og om kravet skriv seg frå meirverdiavgiftspliktig verksemd eller ikkje. I forskrifta § 2-4 er det gitt reglar om auke av maksimalatsane i enkelte tilfelle (t.d. når det blir avtalt ei avdragsordning), og i § 2-5 er det ein unnataksregel om rett til å krevje erstatning for høgare, faktiske kostnader.

7.2.2 Rettsleg innkrevjing

Kostnader ved rettsleg innkrevjing kan ein få dekt etter rettargangsløvgjevinga sine føresegner om

sakskostnader, jf. inkassolova § 21. Slike føresegnar finn ein i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse §§ 3-1 til § 3-3 og lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile saker (tvisteloven) kapittel 20. Hovudregelen etter tvistelova er at den som vinn saka har krav på full erstatning for sine sakskostnadar frå motparten, jf. tvistelova § 20-2 første ledd. Frå dette følgjer det nærare unnatak i lova.

Etter tvangsfullbyrdeslova er hovudregelen at saksøkte skal dekkje kostnadene til saksøkjaren dersom saksøkjaren krev det og saka og kostnadene har vore naudsynte, jf. tvangsfullbyrdeslova § 3-1 første punktum. Også etter tvangsfullbyrdeslova er det unnatak frå hovudregelen. Etter tvangsfullbyrdeslova er det gitt forskrifter om fastsetjing av sakskostnader, jf. forskrift 4. desember 1992 nr. 898 om saksøktes sakskostnadsansvar ved tvangsfullbyrdelse.

7.3 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet punkt 6.3 heiter det:

«[...]Førebels vurdering av moglege endringar i norsk rett

[...] Utanrettsleg innkrevjing

Direktivet har eit anna utgangspunkt for kompensasjon for inndrivingskostnader enn den norske inkassolovgivninga. Medan kompensasjon i form av erstatning for inndrivingskostnader etter inkassolova, utover gebyr ved inkassovarsel, fyrst blir aktuelt i dei tilfella skuldnaren ikkje betaler innan fristen i inkassovarslet, skal kompensasjonen etter direktivet artikkel 6 ytast straks skuldnaren svarer renter for forseinka betaling.

Direktivet artikkel 6 nr. 1 fastset at kreditor har krav på eit fast beløp svarande til 40 euro i kompensasjon for kostnader ved inndrivning.

Departementet si førebelse vurdering er at ein kan ha ei føresegn i anten inkassolova eller forseinkingsrentelova som gir fordringshavaren rett til ein standardkompensasjon for inndrivingskostnader tilsvarende 40 euro når skuldnaren må svare renter for forseinka betaling etter forseinkingsrentelova. Det kan tale for at ein plasserer ei slik føresegn i forseinkingsrentelova at kompensasjonen vert utløyst i situasjonar kor det vert betalt forseinkingsrenter. På den anna side kan det tale for at ei slik føresegn vert plassert i inkassolova, at kompensasjonen skal tene til dekning av fordringshavaren sine inndrivingskostnader.

Departementet har førebels valt å plassere ei føresegn om standardkompensasjon i forseinkingsrentelova, jf. framlegget til ny § 3 a inntatt i høyringsnotatet punkt 11.

Ei korrekt gjennomføring av direktivet synest å krevje at ein gir fordringshavaren rett til standardkompensasjonen uavhengig av dei kompensasjonsreglane som i dag følgjer av inkassolova med forskrifter. Ei anna sak er at det ikkje kan utelukkast å vere behov for ei nærare samordning med inkassoregelverket, mellom anna ved at standardkompensasjonen etter omstenda kan kome i frådrag i kompensasjonen for inndrivingskostnader etter inkassoreglane. For å ta høgde for dette, gjer departementet framlegg om ein heimel til å fastsetje moglege forskrifter om dette, jf. framlegget til ny § 3 a andre ledd.

Etter direktivet artikkel 6 nr. 3 har kreditor, i tillegg til det faste beløpet omhandla i artikkel 6 nr. 1, krav på rimeleg kompensasjon av skuldnaren for moglege kostnader ut over det faste beløpet. Det kan spørjast om omgrepa 'rimelig kompensasjon' og 'eventuelle yderligere omkostninger' etter artikkel 6 nr. 3 femner vidare enn omgrepet 'nødvendige kostnader' i inkassolova § 17. Departementet kan ikkje sjå at justeringane i direktivet sin ordlyd på dette punktet, jamført med ordlyden i 2000-direktivet artikkel 3 nr. 1 bokstav e, skulle innebere at kreditor skal få dekt innkrevjingskostnader som ikkje har vore naudsynte. Departementet legg difor til grunn det same synet som i Ot.prp. nr. 3 (2003-2004) side 24.

Det synest dermed ikkje som at direktivet fordrar endring i lova på dette punktet.

Når det gjeld høvet til inkassolova § 17 andre ledd om skuldnarens innsigelser mot kravet vart det ved gjennomføringa av 2000-direktivet lagt til grunn at direktivet ikkje kravde endringar i norsk rett, jf. Ot.prp. nr. 3 (2003-2004) side 24. Departementet kan for sin del heller ikkje sjå at det nye direktivet gjer det naudsynt med endringar.

[...] Rettsleg innkrevjing

Departementet viser til at direktivet ikkje gir fordringshavaren rett til full erstatning for alle kostnader, men berre ein rett til 'rimelig kompensasjon'. Direktivet gir ikkje nærare greie for kva ein skal forstå med 'rimelig kompensasjon', og medlemsstatane må difor ha eit relativt stort spelerom i dette spørsmålet, jf. dei tilsvarende synspunkta som vart lagt til grunn i Ot.prp. nr.

3 (2003–2004) side 25. Departementet si vurdering er førebels at det ikkje vil være naudsynt med endringar i rettingangslvgivinga sine reglar om sakskostnader.»

7.4 Høyringsfråsegnene

I høyringsfråsegna frå *Finanstilsynet* heiter det:

«Direktivet forutsetter at standardkompensasjonen skal tilsvare minimum 40 Euro, og at fordringshaver i tillegg har rett til en rimelig erstatning for eventuelle inndrivingskostnader, forårsaket av forsinket betaling fra skyldner, ved bruk av eksempelvis advokat eller inkassoforetak. En forutsetning er at slike kostnader overstiger standard-/minimumkompensasjonen.

På tilsvarende måte som det legges opp til i direktivet med hensyn til standard-/minimumkompensasjonen på 40 Euro, kan fordringshaver i medhold av inkassoforskriften § 1-1 første ledd avkreve skyldner erstatning uten hensyn til de faktiske kostnader. Utgangspunktet for standard-/minimumkompensasjonen etter direktivet er et annet enn hva som ligger til grunn for fordringshavers rett til gebyrmessig erstatning overfor skyldner i medhold av bestemmelsene i inkassoforskriften kapittel 1. Omkostningene etter inkassoforskriften kapittel 1 påløper først ved utsendelse av spesifikke kravbrev som oppfyller bestemte vilkår, jf. inkassoforskriften § 1-2.

Så langt Finanstilsynet kan se, er det i direktivet ikke avklart om standard-/minimumkompensasjonen på 40 Euro rettslig skal anses å være en økonomisk straff/bot overfor skyldner eller om standard-/minimumkompensasjonen skal anses å være en omkostning tilsvarende den som i norsk lovgivning er nedfelt i inkassoloven § 17 og inkassoforskriften kapittel 1 og 2. Dette skyldes antakelig at det innenfor EU-lovgivningen i hovedsak er oppdragsgiver/kreditor som bærer omkostningsrisikoen ved kostnader som påløper ved inndrivelse av forfalte pengekrav.

Det er i høyringsnotatet en kort drøftelse om hjemmelen for fordringshaver sin rett til å avkreve en standard-/minimumkompensasjon overfor skyldner som er næringsdrivende skal innplasseres i forsinkelsesrenteloven eller inkassoloven. Finanstilsynet mener at hjemmelen for å avkreve den aktuelle standard-/minimumkompensasjonen bør gjenspeile hvilken rettslig status og konsekvens kompensasjonen

innehar. Hvilken lovgivning hjemmelen innplasseres i, bør derfor som et utgangspunkt være avledet av om kompensasjonen er en straff/bot eller omkostning.

Det fremgår av høyringsnotatet at en korrekt gjennomføring av direktivet synes å kreve at fordringshaver gis rett til standard-/minimumkompensasjonen på 40 Euro uavhengig av inkassoloven og tilhørende forskrift. Finanstilsynet har ingen kommentarer til dette.

Finanstilsynet mener at det er behov for en nærmere avklaring og samordning mellom forsinkelsesrenteloven og inkassolovgivningen når det gjelder størrelsen på hvilken erstatning fordringshaver kan avkreve skyldner i egenkap av å være næringsdrivende. Ved en slik avklaring-/samordningsprosess er det viktig å bringe på det rene om og eventuelt i hvilken utstrekning standard-/minimumkompensasjonen helt eller delvis skal komme til fradrag ved beregningen av utenrettslige inndrivelseskostnader etter bestemmelsene i inkassolovgivningen. Det ene ytterpunktet i en slik avveining er at standard-/minimumkompensasjonen kommer i tillegg til de utenrettslige kostnadene som skyldner plikter å erstatte etter inkassolovgivningen. Det andre er at kostnadene ved utenrettslig inndrivning avkortes med standard-/minimumkompensasjonen.

Selv om det ut fra et tilsynsmessig perspektiv ikke er naturlig å ta stilling til saksforholdet, påpeker Finanstilsynet at en mulig konsekvens av at standard-/minimumkompensasjonen på 40 Euro (eventuelt uten avkortning) kommer i tillegg til kostnadene ved utenrettslig inndrivning etter inkassoloven § 17, kan bli at det gjør det mer attraktivt å inndrive egne forfalte pengekrav (egeninkasso) i stedet for at dette skjer via inkassoforetak og advokater underlagt tilsyn. Selv om generalklausulen også gjelder ved inndrivelse av egne forfalte pengekrav, jf. inkassoloven § 8 første ledd, vil det i så fall medføre at en større andel av inndrivningen av forfalte pengekrav, i alle fall overfor skyldnere i egenkap av å værenæringsdrivende, vil kunne skje uten mulighet for innsyn og (etter)kontroll for Finanstilsynet.

En avklaring av rekkevidden og beregningen av 'fordringshaverens nødvendige kostnader ved utenrettslig inndrivning', jf. inkassoloven § 17 og inkassoforskriften kapittel 1 og 2, sett i forhold til standard-/minimumkompensasjonen nedfelt i forsinkelsesrenteloven, vil uansett ha betydning på flere saksområder. Det vil legge føringer på innretningen av funksjonali-

tet i inkasso /saksbehandlingssystemer, men det vil også kunne medføre behov for å endre på enkelte av Finanstilsynets rundskriv for inkassoforetak.

Finanstilsynet støtter følgelig forslaget om å fastsette en hjemmel for å kunne gi nærmere regler i forskrift om forståelsen av forsinkelsesrenteloven og inkassolovgivningen når det gjelder størrelsen på hvilken erstatning som kan avkreves næringsdrivende som ledd i utenrettslig inndrivning.

Uavhengig av hvilket standpunkt man faller ned på vedrørende samordning mellom forsinkelsesrenteloven og inkassolovgivningen, mener Finanstilsynet at det bør gis regler på hvilket tidspunkt standard-/ minimumkompensasjonen på 40 Euro skal omregnes til norske kroner. Vi kan ikke se at direktivet gir føringer på hvorledes standard-/minimumkompensasjonen i praksis skal fastsettes og således presenteres overfor skyldner.

Flere inkassoforetak har hyppig oppdrag på vegne av utenlandske oppdragsgivere overfor skyldnere som driver virksomhet i Norge, med andre ord inndrivelse av forfalte pengekrav i annen valuta enn norske kroner. I forkant av utsendelse av kravbrev til skyldnere omregnes som hovedregel kravet, herunder utenrettslige inndrivingskostnader, i utenlandsk valuta til norske kroner. Inkassoloven inneholder ingen regler om når en slik omregning skal foretas.

Finanstilsynet viser i den forbindelse til gjeldsbrevloven § 7 hvor det fremgår at betalingsdagens kurs skal være avgjørende. I juridisk teori er det lagt til grunn at gjeldsbrevloven § 7 kan brukes analogisk. Ut i fra dette kan det være rimelig å forvente at fordringshaver og inkassoforetak foretar en omregning fra Euro til norske kroner ut fra valutakursen den dagen kravbrev sendes. Ved en slik praksis sikres det at standard-/minimumkompensasjonen, omregnet til norske kroner, alltid tilsvarer 40 Euro. En underliggende forutsetning for etterlevelse av en slik praksis er at det benyttes daglige valutakurser mellom EUR/NOK.

Dette kan være relativt krevende både for fordringshaver og inkassoforetak. Finanstilsynet erfarer at det kan være problematisk for inkassoforetak å implementere en slik inndrivingspraksis i inkasso-/saksbehandlingssystemer.

En annen løsning kan være at det fastsettes, eksempelvis halvårlig, en fast valutakurs for omregning fra Euro til norske kroner basert på

et gjennomsnitt av valutakurser i løpet av et nærmere bestemt antall dager.

Det er anledning til å fravike enkelte bestemmelser i inkassoloven, herunder inkassoloven § 17 første ledd, ved avtale mellom fordringshaver og næringsdrivende skyldnere, jf. inkassoloven § 3. Finanstilsynet kan ikke se at bestemmelsen er til hinder for at standard-/minimumkompensasjonen på 40 Euro utløses straks det begynner å løpe forsinkelsesrenter, men ber om at inkassoloven § 3 tas med i vurderingen av en eventuell avklaring-/samordningsprosess om forståelsen og praktiseringen av inkassolovgivningens bestemmelser sett i forhold til de nye bestemmelsene i forsinkelsesrenteloven.»

Bergen kommune uttaler:

«c. I utkastet til lov legges det til grunn at minimumkompensasjonen til fordringshaver ved forsinket betaling – 40 euro, forfaller til betaling uten at det er nødvendig å fremme en purring fra fordringshaverens side. På dette området savner en imidlertid en nærmere presisering f eks i form av en forskrift av hvordan skyldneren skal forholde seg i slike situasjoner.

d. Offentlig sektor foretar i det alt vesentlige sine anskaffelser i norske kroner. Å etablere en «fast» omregning av 40 euro til norske kroner f eks i en forskrift vil kunne lette offentlig forvaltningsarbeid på dette området.»

Finansnæringens Fellesorganisasjon uttaler:

«FNO mener at der er hensiktsmessig at Justisdepartementet avklarer hvorvidt standardkompensasjonen som foreslås i forsinkelsesrenteloven § 3a, skal komme til fradrag i eventuell kompensasjon for inndrivelseskostnader etter inkassoreglene. En slik avklaring bør foreligge *senest på samme tidspunkt* som ikrafttredelsen av de ny/endrede reglene.»

Coop Norge uttaler:

«Når det gjelder kompensasjon for inndrivelseskostnader på 40 euro som fordringshaveren har krav på når han kan kreve forsinkelsesrente, så bør dette regnes om til norske kroner med en fast kurs som gjelder for en bestemt periode, for eksempel 6 måneder eller ett år. Kompensasjonsbeløpet i norske kroner kan fastsettes i forskrift. Videre bemerkes det at en kompensasjon på 40 euro kan virke urimelig

strengt overfor debitor i tilfeller der han er en eller to dager forsinket med betalingen, og hvor kreditor ikke har sent purring eller inkassovarsel, eller der hvor hovedstolen ikke overstiger kompensasjonsbeløpet. Ordlyden i direktivet synes imidlertid klar på at kreditor har krav på standardkompensasjonen uten unntak. Coop Norge støtter departementets forslag om å plassere den aktuelle bestemmelsen i Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. ny § 3 a».

Norske Inkassobyråers Forening uttalar:

«I artikkel 6 foreslår 2011 direktivet innføring av regler om kompensasjon for inndrivelseskostnader. Det er uttalt i fortalen at hensikten med bestemmelsene er å styrke kreditors rettigheter samtidig som reglene skal motivere til rettidig betaling ved at reglene gis et pønalt preg.

Når man skal vurdere bestemmelsene foreslått i 2011 direktivet er det viktig å ha i tankene at det innenfor EU ikke eksisterer felles regler i forbindelse med inkasso og tvangsfullbyrdelse. I tillegg er det viktig å huske at kreditorene, før 2000 direktivet trådte i kraft, i svært liten utstrekning kunne kreve inndrivelseskostnader dekket av skyldner. Inkassoomkostninger måtte dekkes av fordringshaver selv, oftest ved at advokat / inkassobyrået fikk en provisjon av innkassert beløp i størrelsesorden 5-25 %. Dette er fremdeles hovedregelen. 2000 direktivet innførte rett til å kreve forsinkelsesrente i tillegg til sjablongmessig inkassoomkostninger stigende fra 40 til 100 €. Krav på forsinkelsesrente og inkassoomkostninger betalt av skyldner var altså så sent som i 2000 direktivet nokså nytt i store deler av EU og møtte stor motstand særlig fra det offentlige selv og fra store bedrifter. I Norge har dette alltid vært en selvfølge og lovregulert siden på midten av 70 tallet.

Resultatet av 2000 direktivet har vært en stor skuffelse for EU og betalingsadferden har snarere blitt dårligere enn bedre. 2011 direktivet må derfor ses på som et innstrammingsstiltak med vesentlig pønalt karakter. I den utstrekning disse tiltak ikke gir ønsket effekt diskuteres allerede ytterligere innstramminger. Heving av inkassoomkostninger fra 40-100 € til 200-1000 €. Innføring av bot for betalingsmislighold for ledelsen i bedriften - bot som ikke er fradragsberettiget, og krav om at bedriften i årsberetningen må redegjøre for antall bøter

og betalingsmislighold, osv. Alt for å løfte kunnskapen om bedriften eller institusjonens betalingsadferd opp på et styrende nivå.

Forskjellen mellom det nåværende norske innfordringssystemet og systemet foreslått i 2011 direktivet er flere, men etter NIFs syn ikke vesentlige.

Etter Inkassoloven § 17 plikter skyldner å erstatte fordringshavers 'nødvendige' kostnader. Dette er en ren erstatningsregel i motsetning til det klart pønale avskrekkende element som er i 2011 direktivet. Det er forsinkelsesrentens størrelse som skal være betalingsmotivet etter norsk rett hvor denne skal gi en finansiell normalerstatning pluss et avskrekkende element. Fordringshavers inkassoomkostninger etter 2011 direktivet kan kreves dekket før de er pådratt og uaktet om omkostninger pådras, - det pønale elementet. Inkassoloven gir fordringshaver krav på en sjablongmessig erstatning etter hvert som den lovbestemte purrerutinen gjennomføres.

Fordringshavers erstatningskrav etter 2011 direktivet vil, bortsett fra forfallstidspunktet, være tilnærmet likt med krav etter Inkassoloven ved egeninkasso. Etter Inkassoloven kan Fordringshaver kreve dekket 1/10 IS for hver av de inntil to utsendte varsler samt 3/10 IS for betalingsoppfordring utsendt av fordringshaver. I kroner blir dette 61+61+183=305. Etter 2011 direktivet vil fordringshaver kunne kreve dekket 40 € ca. NOK 310. Både i Inkassoloven og i 2011 direktivet er det et tosporet system som gir fordringshaver rett til å kreve dekket kostnader ifm. eget arbeid i innfordringsprosessen og omkostninger i forbindelse med å engasjere eksternt advokat / inkassator jfr. Inkassoforskriften kap. 1 og 2 og 2011 direktivet art. 6.3 og fortalen pkt. (20).

I fortalens pkt. (19) fremgår det klart at medlemslandene kan velge andre løsninger enn å kumulere inndrivelsesomkostninger med forsinkelsesrenten. 'Rimelig kompensasjon til kreditorer for de inndrivelsesomkostninger, der er påløbet på grund af forsinket betaling, er nødvendig for at modvirke forsinket betaling. Inndrivelsesomkostninger bør også omfatte inndrivelse af administrative omkostninger og kompensasjon for interne omkostninger, som er påløbet på grund af forsinket betaling, for hvilke dette direktiv bør fastsette et fast minimumsbeløb, som kan kumuleres med mora-renter.' Likeledes fremholdes det i samme punkt at reglene skal ta hensyn til nasjonale regler. 'Kompensasjon for

omkostningerne ved inndrivelse bør fastsettes med forbehold af de nationale bestemmelser, hvorefter en national ret kan tilkende kreditor kompensasjon for yderligere lidt skade i forbindelse med skyldners forsinkede betaling.’

I tillegg henvises det i 2011 direktivet i fortalen pkt (4) til en rekke forordninger som bygger opp rundt selve innfordringsløpet i den hensikt å forenkle dette ved grenseoverskridende krav. ‘Rådets forordning (EF) nr. 44/2001 af 22. december 2000 om retternes kompetence og om anerkendelse og fullbyrdelse af retsafgørelser på det civil- og handelsretlige område (4), Europa-Parlamentets og Rådets forordning (EF) nr. 805/2004 af 21. april 2004 om indførelse af et europæisk tvangsfuldbyrdsdokument for ubestridte krav (5), Europa-Parlamentets og Rådets forordning (EF) nr. 1896/2006 af 12. december 2006 om indførelse af en europæisk betalingspåkravsprocedure (6) og Europa-Parlamentets og Rådets forordning (EF) nr. 861/2007 af 11. juli 2007 om indførelse af en europæisk småkravsprocedure (7).’ Disse forordninger er så vidt NIF er kjent med heller ikke implementert i norsk rett, formodentlig fordi man ikke her heller har sett det nødvendig eller ønskelig med bakgrunn at dette er ivaretatt av andre eksisterende regler.

[...]

Med bakgrunn i ovenstående er NIF av den oppfatning at det verken er ønskelig eller faktisk eller rettslig nødvendig å gjøre noen endringer i norsk rett i relasjon til bestemmelsen i direktivets artikkel 6. NIF vil hevde at de bærende hensyn bak direktivets forslag allerede er vel ivaretatt i norsk rett. NIF er i tillegg av den oppfatning at en implementering kan få utilsiktede og negative konsekvenser for det någjeldende velfungerende innfordringsregimet som følger av dagens inkassolovgivning.

[...]

I den utstrekning departementet kommer til at Norge er rettslig forpliktet til å implementere 2011 direktivets artikkel 6 i norsk rett er NIF enig i at bestemmelsen plasseres som foreslått i Forsinkelsesrenteloven § 3 a. Dette forutsetter imidlertid at forsinkelsesgebyret, 40 €, blir å betrakte og behandle som en ‘ekstra-rente’, i tillegg til forsinkelsesrenten, som sjablongmessig dekning av utenrettslige inndrivelsesomkostninger på fordringshavers hånd. I dette ligger at forsinkelsesgebyret da blir en del av rentekravet og som sådan ikke rentebærende (rentes rente), jfr. fortalens pkt. (15)

‘simpler rente’. Videre at det av forsinkelsesgebyret, i likhet med forsinkelsesrenten, ikke beregnes mva. En slik løsning vil harmonere med behandlingen av de kostnadene forsinkelsesgebyret skal erstatte, nemlig purreprosens omkostninger, Inkassoforskriftens §§. 1-2 og 1-3, som også i dag ikke er gjenstand for mva beregning.

Kjøres egeninkassoprosessen fullt ut iht. Inkassoforskriftens § 1-2, kan fordringshaver i dag kreve en omkostningsdekning på 5/10 IS, dvs. 305 kr. Etter en implementering av 2011 direktivet må dette erstattes av forsinkelsesgebyret hvor 40 €, i skrivende stund pga. sterk krone, vil være NOK 305,70. Dette medfører at hoveddelen av Inkassoforskriftens kapittel 1 kun vil gjelde der skyldner er forbruker.

Hvis man skal implementere 2011 direktivet i norsk rett må hensikten være et ønske om å skape et ytterligere betalingsmotiv ved næringsstransaksjoner inkludert transaksjoner med det offentlige. Slik direktivet er bygget opp gjøres dette ved at reaksjonen skal ha et klart pønalt preg og ikke kun dekke faktiske kostnader. Det faktum at erstatningen forfaller uten varsel ved fordringens forfall, og uten at omkostninger på dette tidspunkt er pådratt, understreker direktivets hensikt.

Av denne grunn er NIF av den oppfatning at forsinkelsesgebyret ikke skal inngå i maksimalberegningen i Inkassoforskriftens §§ 2-2 til 2-5 slik purregebyret gjør i dag. Til dette kreves en presisering i Inkassoforskriftens § 2-1 hvor forsinkelsesgebyret i Forsinkelsesrentelovens § 3 a unntas i første setning.

I den utstrekning man konkluderer med at forsinkelsesgebyret trer isteden for gebyrerstatning iht. Inkassoforskriftens kap.1 og ikke inngår i maksimalberegningen i Inkassoforskriftens § 2-1, kan NIF ikke se at det er nødvendig med den foreslåtte forskriftshjemmel i Forsinkelsesrentelovens § 3 a, 2. avsnitt.

[...]

NIF er av den oppfatning at det er særs vanskelig å ta stilling til et lovforslag hvor det faktiske og økonomiske resultatet skjules i en forskriftshjemmel. NIF er enige med Departementet når de i høringsnotatet sier: ‘Ei korrekt gjennomføring av direktivet synest å krevje at ein gir fordringshavaren rett til standardkompensasjonen uavhengig av dei kompensasjonsreglane som i dag følgjer av inkassolova med forskrifter.’ Under enhver omstendighet burde Departementet nærmere ha gjort rede for Departementets tanker for forskriftshjemme-

len, og hvis denne skal benyttes bør dette skje samtidig med implementering og at dette også sendes på normal høring. Ved en etappevis utvikling som foreslått, hvor lovhjemmelen kommer først og forskriftens innhold etterpå, vil man på Inkassolovens område ikke ha oversikt over de økonomiske konsekvensene før siste punktum er satt - og det er uheldig.

[...]

En praktisk gjennomføring av forsinkelsesgebyret forutsetter etter NIFs syn at gebyret omregnes til norske kroner. Det er helt upraktisk å tenke seg dette blir gjort på kravstidspunktet i hvert enkelt tilfelle. Vi foreslår derfor at 40 omregnes til NOK ifm. fastsettelse av den halvårlege forsinkelsesrentesatsen i Forsinkelsesrentelovens § 3.»

7.5 Departementets vurdering

Departementet forstår direktivet slik at medlemsstatene må sørge for at fordringshavaren får rett til ein standardkompensasjon som svarar til minst 40 euro når retten til renter ved forseinka betaling inntre. Fortalen i direktivet punkt 19 viser, slik departementet ser det, berre at fordringshavaren kan krevje både forseinkingsrenter og kompensasjon for inndrivingskostnadane, jf. høyringsfråsegna frå Norske Inkassobyråers Forening. Etter departementets syn er direktivet artikkel 6 klår på dette punktet, sidan retten til kompensasjon oppstår «når forsinkelsesrente skal betales». Når det gjeld forordningane 44/2001, 805/2004, 1986/2006 og 861/2007, som Norske Inkassobyråers Forening peikar på i si høyringsfråsegn, viser departementet til at dei ikkje er gjennomførte i norsk rett av den grunn at dei ikkje fell inn under verkeområdet til EØS-avtala.

Departementet er samd i fråsegnene frå fleire av høyringsinstansane om at det er behov for ei klår regulering av mellom anna forholdet til reglane for kompensasjon ved utanrettsleg inndrivning av krav etter inkassoreglane. Departementet held etter dette fast ved framlegget om ein heimel for å regulere aktuelle samordningsspørsmål i forskrift.

Departementet vurderer det slik at det for å ivareta rettane som fordringshavarane har etter direktivet, er naudsynt å sikre at dei til ein kvar tid vil ha rett til ein standardkompensasjon som svarar til minst 40 euro. Departementet foreslår difor at ein lovfestar denne retten. Departementet foreslår samstundes ein lovheimel for i forskrift å fastsetje denne kompensasjonen i norske kroner. Standardkompensasjonen som vil bli fastsett i for-

skrift, vil, for å vere sikker på å oppfylle direktivets krav, måtte liggje i overkant av omrekningskursen for 40 euro. Departementet ser for seg at den norske satsen blir fastsett i forskrift, ved regelbundne intervall, til dømes kvar gong ein fastset storleiken på forseinkingsrenta. Dei nærare reglane for fastsetjing av kompensasjonen i norske kroner, herunder tidspunkt og grunnlag for omrekninga, vil framgå av forskrift.

Departementet legg til grunn at sjølv om retten til ein standardkompensasjon på 40 euro oppstår for fordringshavaren i det skyldnaren skal svare forseinkingsrente, utan at det er naudsynt med ei purring eller anna påminning, vil kravet på kompensasjonen forfalle til betaling i samsvar med alminnelege pengekravsrettslege reglar. Der- som forfallstida for standardkompensasjonen ikkje er fastsett i avtala mellom partane, vil kravet på kompensasjonen med andre ord først forfalle til betaling ved påkrav frå fordringshavaren, jf. den alminnelege regelen i gjeldsbrevlova § 5. Lovframlegget her er utforma i tråd med dette. På same vis vil kravet på standardkompensasjon vere gjenstand for forelding i samsvar med alminnelege formuerettslege reglar.

Direktivet krev at medlemsstatene skal sikre at fordringshavaren har visse rettar. I så måte gir direktivet eit visst ufråvikeleg vern av fordringshavaren. Sjølv om utgangspunktet er full avtalefri- dom i avtaler mellom føretak, vil det vere naudsynt å ta inn i lova at visse føresegner ikkje kan fråvikast til skade for fordringshavaren. At ein ikkje kan fråvike ei føresegn i avtala, tyder likevel ikkje at fordringshavaren må nytte rettane sine etter lova og direktivet. Det vil til dømes vere opp til fordringshavaren om han eller ho vil krevje dei rettane dei har etter lova. I ny § 3 a tredje ledd og 4 a nytt tredje ledd er det tatt inn reglar om at paragrafen ikkje kan fråvikast til skade for fordringshavaren.

8 Urimelege vilkår og praksis

8.1 Føresegnene i direktivet

Artikkel 7 i direktivet regulerer urimelege avtalevilkår og praksis. Det følgjer av nr. 1 at medlemsstatene skal sikre at eit fordringshavaren klårt urimeleg avtalevilkår eller ein klårt urimeleg praksis i høve til betalingsdagen eller betalingsperioden, rentesatsen eller kompensasjonen for inndrivingskostnadene anten ikkje er bindande eller gir grunnlag for erstatning. I andre ledd i nr. 1 går det fram kva det skal leggast vekt på når ein vurderer

om eit vilkår eller ein praksis er klårt urimeleg. Det følgjer av dette at alle sider av saka skal takast med i vurderinga.

Artikkel 7 nr. 2 slår fast at eit vilkår eller ein praksis som stengjer for renter ved forseinka betaling skal reknast som klårt urimeleg. Etter nr. 3 gjeld ein presumsjon for at ein praksis eller eit vilkår som stengjer for kompensasjon for inndrivingskostnader som omhandla i artikkel 6, er klårt urimeleg.

Artikkel 7 nr. 4 pålegg medlemsstatane å sikre at det i fordringshavarane og konkurrentane si interesse finst eigna og effektive verkemiddel som kan stogge bruken av vilkår og praksis som er klårt urimelege.

Det følgjer av artikkel 7 nr. 5 at verkemiddel som nemnt i artikkel 7 nr. 4 skal omfatte reglar om at organisasjonar som er offisielt godtekne som representantar for føretak, eller som har ei legitim interesse i å representere slike føretak, skal ha rett til å bringe spørsmålet om klårt urimelege vilkår eller praksis inn til prøving for domstolane eller kompetente administrative myndigheiter. Domstolane eller kompetente administrative myndigheiter skal ha høve til å nytte eigna og effektive middel til å stogge bruken av slike klårt urimelige vilkår eller praksis som nemnt ovanfor.

8.2 Gjeldande rett

Etter forseinkingsrentelova § 4 a kan ein organisasjon som representerer små eller mellomstore næringsverksemdar, reise søksmål for å få prøvd om vilkår i standardavtaler om betalingstid eller verknadene av forseinka betaling vil verke urimelege overfor kreditor, jf. avtalelova § 36. Retten kan etter påstand fastsetje at ein dom i saka skal gjelde for alle som gjer bruk av standardavtala.

Ein fordringshavar med søksmålsevne kan reise sivilt søksmål om eit avtalevilkår er urimeleg etter avtalelova § 36. I Noreg finst det ikkje administrative myndigheiter som kan prøve slike vilkår i næringshøve.

Etter innføringa av lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile saker (tvisteloven) er det no generelt opna for søksmål frå organisasjonar, jf. § 1-4 første ledd. Etter tvistelova kapittel 35 er det òg opna for gruppesøksmål.

Dommar vil etter hovudregelen i sivilprosessen berre vere bindande for partane i saka, men her har ein ei særregulering i forseinkingsrentelova § 4 a andre punktum om mogleg utvida rettskraft.

8.3 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet uttala departementet:

«Direktivet artikkel 7 nr. 5 gjeld ein generell rett til prøving av vilkår og praksis hos domstolane eller kompetente administrative styresmakter. Regelen er ikkje avgrensa til standardvilkår, slik som i det tidlegare 2000-direktivet artikkel 3 nr. 5.

Etter direktivet er det tilstrekkeleg at spørsmålet kan bringast inn anten for domstolane eller for administrative styresmakter. Sidan ein vil kunne bringe ei sak inn for domstolane, er det dermed ikkje naudsynt for å oppfylle direktivet at det finnest ei administrativ ordning i tillegg.

Dei nye reglane om søksmålsevna til organisasjonar i tvistelova § 1-4 reiser spørsmål om det no vil vere føremålstenleg å oppheve forseinkingsrentelova § 4 a fyrste punktum, då organisasjonane si søksmålsevne vil følgje av tvistelova § 1-4. Søksmålsevna etter tvistelova § 1-4 er vidare enn etter forseinkingsrentelova § 4 a som berre gjeld organisasjonar som representerer små eller mellomstore verksemdar. Direktivet inneheld ikkje lengre ei slik avgrensing og departementet legg difor til grunn at ein nå vil måtte opne for lik søksmålsrett for alle organisasjonar som representerer føretak uavhengig av storleiken til føretaka. Det vil vidare følgje av avtalelova § 36 at ein med søksmålsevne kan få prøvd både om vilkår og praksis er urimeleg. Alternativet til å oppheve det gjeldande fyrste punktet i § 4 a, er å endre ordlyden i tråd med det nye direktivet, slik at regelen ikkje vert avgrensa til organisasjonar som representerer visse verksemdar og ikkje avgrensa til standardavtaler. Departementet oppmodar høyringsinstansane til å uttale seg om desse spørsmåla. I departementet sitt forslag i punkt 11 er § 4 a endra, mellom anna ved at gjeldande fyrste punktum er teke ut.

Sjølv om tvistelova § 1-4 og kapittel 35 har føresegner om at organisasjonar og grupper kan gå til søksmål, har ein ikkje allmenne føresegner om utvida rettskraft. Gjeldande § 4 a i forseinkingsrentelova fastset at retten etter påstand kan fastsetje i ein dom at dommen i saka skal gjelde alle som gjer bruk av ei standardavtale.

Departementet legg til grunn at ein bør vidareføre gjeldande regulering i forseinkingsrentelova § 4 a om ein moglegheit for retten til å fastsetje at ein dom skal ha utvida rettskraft. I

departementet sitt førebelse forslag til § 4 a er regelen om rettskraft i siste punktum likevel endra slik at han tek opp i seg direktivet si henvisning til handelspraksis.

Departementet går også inn for å lovfeste ei føresegn (i realiteten) lik artikkel 7 nr. 2 i direktivet som fastset at eit avtalevilkår eller praksis som stengjer for renter for forseinka betaling skal vere klårt urimeleg, jf. framlegget til § 4 a fyrste punktum. Departementet er på den anna side ikkje overtydd om at det er naudsynt å lovfeste presumsjonsregelen i artikkel 7 nr. 3. For å sikre ein klår gjennomføring av direktivet har departementet førebels tatt inn ein slik presumsjon i § 4 a andre punktum.»

8.4 Høyringsfråsegnene

I høyringsfråsegna frå Pensjonskasseforeningen heiter det:

«[Det] reises spørsmål ved om det er hensiktsmessig å gi lovutkastet § 4a første ledd første punktum en så vidt absolutt utforming, all den tid direktivets artikkel 7 nr. 2 vil være et sentralt og tungtveiende tolkningselement».

8.5 Departementets vurdering

Departementet vurderer det slik at det vil vere nødvendig og tenleg å gi føresegna som gjennomfører reglane i direktivet om urimelege avtalevilkår ei så vid utforming at ein er trygg på at fordringshavarene sine rettar blir ivarettatt ved domstolanes bruk av avtalelova § 36. Departementet opprettheld difor forslaget frå høyringsnotatet. Sidan forseinkingsrentelova i utgangspunktet vik for avtale mellom partane, finn departementet det naudsynt å spesifisere i eit nytt tredje ledd at § 4 a om urimelege avtalevilkår ikkje kan fråvikast ved avtale til ulempe for fordringshavaren.

9 Egedomsatterald

Artikkel 9 i direktivet inneheld føresegner om at medlemsstatane skal syte for at ein seljar bevarer egedomsretten til varer inntil kjøpesummen er fullt betalt når egedomsatterhald er uttrykkeleg avtalt mellom kjøparen og seljaren før varene er leverte.

Direktivet svarar på dette punktet fullt ut til artikkel 4 i 2000-direktivet. Det vart i samband med gjennomføringa av 2000-direktivet lagt til grunn at det ikkje ville vere naudsynt med endrin-

gar i dei norske reglane om egedomsatterhald. Departementet viser til Ot.prp. nr. 3 (2003–2004) kapittel 7 om forståinga av desse føresegnene i direktivet og høvet til norsk rett.

I høyringsnotatet uttala departementet at sidan det nye direktivet ikkje er endra på dette punktet, vil det framleis ikkje vere naudsynt med endringar av norsk rett.

Det er ikkje kome merknader til dette punktet i høyringsrunden.

Departementet legg etter dette til grunn at direktivet artikkel 9 ikkje gjer det naudsynt med endringar i norsk rett.

10 Inndring av uomtvista krav

Artikkel 10 i direktivet regulerer inndring av uomtvista krav. Føresegnene i nr. 1 til 3 svarar, med unntak av nokre språklege endringar, til artikkel 5 nr. 1 til nr. 3 i 2000-direktivet. For desse føresegnene la ein i Ot.prp. nr. 3 (2003–2004) kapittel 8 til grunn at det ikkje var naudsynt med endringar i norsk rett. Departementet står framleis på denne vurderinga og viser til den nemnde proposisjonen for utgreiing av innhaldet i føresegnene og høvet til norsk rett. Det er ikkje kome merknader i høyringsrunden til dette spørsmålet.

I artikkel 5 nr. 4 vart det i 2000-direktivet vist til at direktivet ikkje var meint å gripe inn i føresegnene i Brussel-konvensjonen om domstolane sin kompetanse og om fullbyrding av rettsavgjerder i sivile saker. Det nye direktivet viser ikkje til Brussel-konvensjonen i artikkel 10 nr. 4, men i staden til forordning (EF) nr. 1896/2006 om ein europeisk betalingsordre, utan at dette skulle få verknad for den norske gjennomføringa av direktivet.

11 Økonomiske og administrative konsekvensar

I høyringsnotatet er det sagt følgjande om dei økonomiske og administrative konsekvensane av lovendingane:

«Det er vanskeleg å fastslå dei økonomiske konsekvensane av forslaget, då dei i stor grad vil vere avhengige av i kva grad private aktørar og offentlege styresmakter betaler gjelda si før ein kjem i en situasjon som utløyser rett til renter ved forseinka betaling. For private aktørar som er fordringshavavarar må ein rekne med at tiltaka vil kunne bidra til å betre likviditeten i føretaka ved at dei raskare får inn utestående

fordringar, noko som vil vere ein gevinst for både det einskilde føretaket og samfunnet.

For offentlege styresmakter så vel som private føretak må ein også forvente noko auka kostnader i ein overgangsperiode i samband med eventuelle nye avtale- og betalingsrutinar.

Sidan direktivet gjer ei viss justering i berekninga av forseinkingsrenta, vil dette kunne føre med seg auka kostnader for dei skuldnarane som kjem i ein slik situasjon at dei skal svare rente etter forseinkingsrentelova.

At alle organisasjonar som representerer føretak no skal kunne gå til søksmål for å prøve vilkår og praksis om forseinka betaling, kan medføre at det blir nokre fleire saker for domstolane. Det er neppe tale om noka nemneverdig belastning på domstolane.»

Finanstilsynet uttalar i høyringsrunden:

«På tilsvarende måte som ved enhver lov-/forskriftsendring som krevjer endring av funksjonalitet i IT-systemer, er det nødvendig at det gis en overgangsperiode fra endringene i forsinkelsesrenteloven er fastsatt og frem til ikrafttredelse. Finanstilsynet ser det som nevnt viktig at det gis bestemmelser i forskrift om forståelsen av forsinkelsesrenteloven og inkassolovgivning med hensyn til størrelsen på hvilken erstatning som kan avkreves skyldner som ledd i utenrettslig inndrivning. Også i forhold til en eventuell slik forskrift er det behov for at det gis en overgangsperiode fra bestemmelsene er fastsatt og frem til ikrafttredelse.»

Norske Inkassobyråers Forening har i høyringsrunden gitt uttrykk for:

«CLPD og 2011 direktivet tar i første rekke sikte på å skape større forståelse for rettidig betaling ved handelstransaksjoner. Med bakgrunn i tall fra regnskapene til norske bedrifter pr. 31.12.2009 fant man at norske bedrifter, unntatt omsetning fra bank, finans og offentlig virksomhet unntatt, hadde en kredittomsetning på til sammen 6.800 mrd. kroner. Effektiv kredittid var ca 30 dager, dvs, at norske bedrifters kapitalbinding pr. kredittid var 18,5 mrd. kr. Hvor mye av dette som referer seg til handelstransaksjoner og hvor mye av denne kredittomsetningen som er kreditt til forbruker har man ikke eksakte tall på, men det antas at 1/3 referer seg til forbrukerne og 2/3 til næringsgjeld. Faktum er imidlertid at en dags forsinket beta-

ling overfor næringslivet betyr økt kapitalbinding på 18,5 mrd kroner for norsk næringsliv.

Kostnadene for næringslivet, bank, finans og det offentlige av 2011 direktivet er likeledes vanskelig å beregne. Normalt snakker man imidlertid om at næringslivet, inkludert bank og finans sender ut om lag 400 000 000 fakturaer i året. Hertil kommer offentlig omsetning med ca. 50 000 000 fakturaer. Erfaringsmessig betales ca 10 % av fakturaene, dvs. 45 000 000, etter forfallstidspunktet. I antall er hovedregelen at 1/3 av fakturaene gjelder næringsdrivende mens 2/3 gjelder forbrukere. Med en 40 € beregning og kurs NOK 310 blir totalkostnaden for forsinket betaling etter 2011 direktivet ca 4,65 mrd kroner pr år. Nå vil det selvfølgelig være slik at de fleste bedrifter er både kreditorer og debitorer, slik at en del transaksjoner er et null spill – men beløpet er betydelig.»

Samla sett ser departementet det som vanskeleg å seie noko meir nøyaktig om dei administrative og økonomiske konsekvensane av lovforslaga, all den tid det i stor grad vil vere avhengig av betalingsatferda til føretak og offentlege myndigheter. Dei generelle økonomiske konjunkturane vil også spele ei rolle. Men det er truleg at reglane samla sett vil føre til ein viss samfunnsøkonomisk gevinst som følgje av at fordringar blir betalt tidlegare enn i dag. Likeins vil norske bedrifter som eksporterer varer og tenester til føretak og offentlege myndigheter i land i Europa med semre betalingspraksis enn det som er tilfellet i Noreg, forhåpentlegvis kunne få inn fordringane sine raskare enn i dag, noko som igjen kan føre til monaleg gevinst for norske føretak og auka eksport.

12 Merknader til lovforslaget

12.1 Til endringane i forseinkingsrentelova:

Til ny § 2 a

Føresegna i første ledd gjennomfører artikkel 3 nr. 5, sjå punkt 4 i proposisjonen. Om partane avtaler ein lengre betalingsfrist enn 60 dagar, skal dette i følgje direktivet ikkje gjelde om eit slikt vilkår er klårt urimeleg etter artikkel 7. I norsk rett vil det seie at ein skal vurdere vilkåret etter avtalelova § 36, men med ein noko lågare sensurterskel enn det som følgjer av direktivet.

Andre ledd gjennomfører artikkel 3 nr. 4 i direktivet, som også er omtalt i proposisjonen punkt 4. Føresegna er også bakgrunnen for den

føreslåtte § 49 andre ledd nytt andre punktum i kjøpslova.

Til § 2 b

Føresegna gjeld berre handelstransaksjoner mellom føretak og offentlege myndigheiter i avtaler om kjøp av varer eller tenester, jf. første ledd. Reglane i § 2 b gjennomfører artikkel 4 i direktivet, jf. punkt 5. Paragraf 2 b set grenser for kor lang betalingstid offentlege myndigheiter kan tinge seg i avtaler med private føretak. Føresegnene set såleis òg grenser for avtalefridomen mellom offentlege myndigheiter og private føretak. Føresegnene har som føremål å sørge for at fordringshavaren får eit raskt oppgjør og skal særleg motverke forseinka betaling i tilfelle der offentlege styresmakter er skuldnaren.

Føresegna i fjerde ledd bokstav b gjennomfører artikkel 4 nr. 5. Ei avtaleregulering om lengda på ein kontrollprosedyre som omtalt i direktivet artikkel 4 nr. 5 vil på vanleg måte kunne vere gjenstand for sensur etter avtalelova § 36, utan at departementet finn det naudsynt med ei tilvising til denne føresegna i paragrafen her. Sjå elles punkt 5 i proposisjonen.

Fjerde ledd bokstav c gjennomfører den ufråvikelege sida av artikkel 4 nr. 1. Etter direktivet er medlemsstatane pålagde å sikre at fordringshavaren i avtaler med offentlege myndigheiter er sikra ei forseinkingsrente som minst svarar til den lovfaste forseinkingsrenta. Det tyder at ein i avtaler som er omfatta av føresegna, ikkje kan fråvike den lovfaste forseinkingsrenta til ulempe for fordringshavaren.

Til § 3 første ledd første punktum

Departementet føreslår å endre prosentpoengsatsen i første punktum frå sju til åtte prosentpoeng for å gjennomføre direktivet artikkel 2 nr. 6.

Til ny § 3 a

Føresegna i første ledd gjennomfører artikkel 6 nr. 1. At plikta til å yte ein kompensasjon til fordringshavaren tilsvarande 40 euro kjem samstundes med fordringshavaren sin rett til renter etter § 2, inneber at det er tilstrekkeleg at fordringshavaren gjer kravet gjeldande etter dei alminnelege pengekravrettslege reglane. Det er ikkje naudsynt med ei særskild betalingsoppfordring utover dette, til dømes purring.

Andre ledd gir heimel til i forskrift å fastsetje kompensasjonen i norske kroner. Det er òg gitt

heimel til i forskrift å fastsetje reglar om tilhøvet til reglane for utanrettsleg inndrivning av pengekrav i inkassolova. Forskriftsheimlane er nærmare drøfta i proposisjonen punkt 7.

Tredje ledd fastset at reglane om kompensasjon for inndrivingskostnader ikkje kan fråvikast til ugunst for fordringshavaren.

Til § 4 ny bokstav d

Føresegna slår fast at føresegnene i paragrafane 2 a, 2 b, 3 a og 4 a ikkje gjeld overfor forbrukarskuldnarar. Sjølv om dette langt på veg følgjer av desse føresegnene, føreslår departementet at ein slår dette fast i § 4 som fastset særlege reglar for forbrukarar.

Til ny § 4 a

Departementet føreslår å oppheve noverande første punktum om søksmålevne til organisasjonane, sidan dette no er regulert i tvisteloven, sjå punkt 8 i proposisjonen her. Nytt første ledd første og andre punktum gir føresegner om avtalevilkår som alltid skal sjåast som urimelege eller som ein kan presumere at er urimelege. Ved å fastslå at vilkåra skal sjåast som urimelege etter avtalelova § 36 i staden for at dei skal sjåast som ikkje gjeldande, opnar ein for dei meir fleksible løysingane som følgjer av avtalelova § 36, noko som etter departementets syn er til fordel for fordringshavaren. Om ein finn at det ligg føre eit urimeleg vilkår etter første punktum, vil likevel resultatet ved bruk av avtalelova § 36 òg regelmessig vere at vilkåret ikkje kan gjerast gjeldande.

Andre ledd vidarefører noverande andre punktum, men er endra for å gjennomføre artikkel 7 som omhandlar både urimelege vilkår og praksis meir generelt, og ikkje berre standardavtaler som i 2000-direktivet. Omgrepet «betalingstid» omfattar både «forfallsdato» og «betalingsfrist» i artikkel 7 nr. 1.

Tredje ledd fastset at reglane om bruken av avtalelova § 36 ikkje kan fråvikast til ugunst for fordringshavaren.

12.2 Til endringane i kjøpslova:

Til § 49 andre ledd nytt andre punktum

Føresegna presiserer at om kjøparen skal undersøkje tingen før han eller ho betaler, kan ei slik undersøking ikkje føre med seg at ein utset betalingstida med meir enn 30 dagar, om ikkje noko anna er uttrykkeleg avtalt. Føresegna er ei konse-

kvens av den føreslåtte § 2 a andre ledd i forseinkingsrentelova. Sjå elles punkt 4.5 i proposisjonen her.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i forseinkingsrentelova mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU om kamp mot forseinka betaling i handelshøve).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i forseinkingsrentelova mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU om kamp mot forseinka betaling i handelshøve) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i forseinkingsrentelova mv. (gjennomføring av direktiv 2011/7/EU om kamp mot forseinka betaling i handelshøve)

I

I lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. skal det gjerast følgjande endringar:

Ny § 2 a skal lyde:

§ 2 a Særlige regler for avtaler mellom virksomheter om kjøp av varer eller tjenester

Ved avtaler mellom virksomheter om kjøp av varer eller tjenester skal betalingsfristen ikke overstige 60 dager, med mindre noe annet uttrykkelig er avtalt.

Skal det ved avtale som nevnt i første ledd foretas en kontrollprosedyre for å sikre at varene eller tjenestene er avtalemessige, og fordringshaveren først kan sette frem krav om betaling etter at en slik kontrollprosedyre er gjennomført, skal kontrollprosedyren ikke overstige 30 dager fra mottak av varene eller tjenestene. Dette gjelder likevel ikke dersom noe annet uttrykkelig er avtalt.

Ny § 2 b skal lyde:

§ 2 b Særlige regler for avtaler mellom virksomheter og offentlige myndigheter om kjøp av varer eller tjenester

Denne paragrafen gjelder avtaler mellom virksomheter og offentlige myndigheter om kjøp av varer eller tjenester.

Er skyldneren en offentlig myndighet, skal betalingsfristen ikke overstige

- a) 30 dager etter at skyldneren mottok faktura eller en tilsvarende betalingsoppfordring,*
- b) 30 dager etter mottak av varene eller tjenestene, dersom det er uklart når faktura eller en tilsvarende betalingsoppfordring er mottatt,*
- c) 30 dager etter mottak av varene eller tjenestene, dersom skyldneren mottar faktura eller en tilsvarende betalingsoppfordring tidligere enn varene eller tjenestene,*
- d) 30 dager etter datoen for godkjennelse og kontroll, dersom det skal foretas en lovbestemt eller avtalebestemt kontrollprosedyre for å sikre at*

varene eller tjenestene er avtalemessige, og skyldneren mottar faktura eller en tilsvarende betalingsoppfordring tidligere eller samme dag som kontrollprosedyren sluttføres.

Det kan settes en lengre betalingsfrist enn det som følger av andre ledd, bare dersom dette uttrykkelig er avtalt og en slik frist er saklig begrunnet ut fra de konkrete omstendighetene i avtaleforholdet. En slik lengre frist kan aldri overstige 60 dager. Kongen kan i forskrift fastsette at betalingsfristen i andre ledd bokstav a til d kan utvides til 60 dager for visse offentlige myndigheter.

Er skyldneren en offentlig myndighet, gjelder i tillegg til lovens øvrige bestemmelser følgende regler:

- a) Det kan ikke avtales mellom skyldneren og fordringshaveren når en faktura skal anses mottatt av skyldneren.*
- b) En kontrollprosedyre som nevnt i andre ledd bokstav d skal ikke overstige 30 dager fra mottak av varene eller tjenestene. Dette gjelder likevel ikke dersom noe annet er uttrykkelig bestemt i avtalen eller i anbudsdokumentene.*
- c) Det kan ikke avtales at forsinkelsesrenten som skal svares av offentlige myndigheter etter bestemmelsen her, skal være lavere enn den lovbestemte forsinkelsesrenten etter § 3.*

§ 3 første ledd første punktum skal lyde:

Departementet fastsetter hvert halvår størrelsen av forsinkelsesrenten til en fast prosent årlig rente, som skal svare til den pengepolitiske styringsrenten slik denne er fastsatt av Norges Bank per 1. januar og 1. juli det aktuelle år tillagt minst *åtte* prosentpoeng.

Ny § 3 a skal lyde:

§ 3 a *Kompensasjon for inndrivelseskostnader*

Når fordringshaveren kan kreve forsinkelsesrente etter § 2, kan fordringshaveren også kreve en kompensasjon av skyldneren for inndrivelseskostnader tilsvarende 40 euro.

Departementet kan i forskrift fastsette kompensasjonen etter første ledd i norske kroner.

Reglene i paragrafen her kan ikke fravikes ved avtale til skade for fordringshaveren.

Departementet kan i forskrift gi regler om forholdet til inkassoloven, herunder at kompensasjonen skal komme til fradrag i erstatning for utenrettslige inndrivelseskostnader etter inkassoloven.

§ 4 ny bokstav d skal lyde:

(d) Bestemmelsene i §§ 2 a, 2 b, 3 a og 4 a gjelder ikke når skylderen er en forbruker.

§ 4 a skal lyde:

§ 4 a *Anvendelse av avtaleloven § 36 mv.*

Ved anvendelsen av avtaleloven § 36 skal et vilkår eller en praksis som utelukker renter ved forsinket betaling, alltid anses urimelig. Et vilkår eller en praksis som utelukker kompensasjon for inndrivelseskostnader i samsvar med § 3 a, skal presumeres å være urimelig.

Retten kan etter påstand fastsette at en dom i saken skal gjelde for alle og enhver som gjør bruk av et standardvilkår eller en handelspraksis om betalingstid eller følgene av forsinket betaling.

Reglene i paragrafen her kan ikke fravikes ved avtale til skade for fordringshaveren.

II

I lov 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp skal § 49 andre ledd nytt andre punktum lyde:

Kjøperen kan ikke som følge av en slik undersøkelse utsette betalingen med mer enn 30 dager, med mindre selgeren uttrykkelig har godkjent dette.

III

1. Lova gjeld frå den tid Kongen bestemmer.
2. Lova gjeld ikkje for krav som er forfalle før lova trer i kraft.